

Aktivitets- kontakt

Skodje kommune v/ koordinerande eining søkjer etter fleire aktivitets-kontakter. For meir informasjon, ta kontakt på tlf.nr. 70 24 40 58 eller 476 85 015.

Søkjar bør ha fylt 18 år. Søknads-skjema på skodje.kommune.no.

Opningstider i påska

Rådhuset

Måndag og tysdag i påskeveka er det vanleg opningstid (09.00-14.00) på rådhuset.

Onsdag før skjærtorsdag (onsdag 12. april) er ekspedisjon og sentralbord på rådhuset stengt.

Ein del av dei tilsette har påskeferie i veke 15 (10.-12. april), så eventuelle møter bør vere avtalt på førehand.

Biblioteket

Siste opningsdag før påske:
Fredag 7. april

Første opningsdag etter påske:
Tysdag 18. april.

Skodje kommune
ønskjer alle
God påske!



Kreftkoordinator

Har du kreft, eller kjenner du nokon som har kreft? Skodje kommune har kreftkoordinator som kan vere ein støttespelar.

Kva kan kreftkoordinator hjelpe deg med?

- Kartleggje situasjonen saman med deg.
- Bidra til at du og/eller dine pårørnde har nokon å snakke med dersom du/de ønskjer dette.
- Gje råd og rettleiing om ulike tenester, rettigheter og tilbod.
- Bidra til planlegging og koordinering av tenester ved behov.

Kven kan ta kontakt?

- Du som har, eller har hatt, ein kreftsjukdom.
- Du som er pårørnde til ein som er ramma av kreft.
- Barn og unge som er pårørnde til ein som har kreft.

Korleis ta kontakt?

- Du eller dine pårørnde kan ringe, sende epost eller SMS, eller be andre ta kontakt på dine vegne. (Ver merksam på at du ikkje må sende helse- og personopplysningar på epost og SMS).
- Du treng ikkje henvisning.
- Dette er ein gratis teneste.
- Kreftkoordinator har teieplikt.

Kreftkoordinator: Marianne Sneis.

Kontorstad:
Koordinerande eining, Skodje rådhus.

Strandrydding

Skodje kommune oppmodar både privatpersonar og lag og organisasjonar om å delta i den nasjonale strandryddeveka som i år er frå **tysdag 2. til søndag 7. mai.**

Strandryddeveka er ein årleg nasjonal miljødugnad i regi av *Hold Norge Rent*, og det er ÅRIM (Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS) som administrerer aksjonen i Skodje kommune.

På nettsida til ÅRIM, arim.no, finn du meir informasjon om aksjonen, og om korleis du registrerer deg for å delta.

Dersom du har spørsmål, ta kontakt med ÅRIM på e-post post@arim.no eller telefon 70 31 41 00.



SLIK VIL VI HA ALLE STRENDENE VÅRE

KVA STRAND VIL DU RYDDE?

1. Gi oss beskjed om kvar du vil rydde via arim.no
2. Ta på hanskar, samle saman avfallet - nyt synet av den reine stranda.
3. ÅRIM hentar avfallet frå strandryddinga, etter avtale med deg.

Litt av kvart

Vis dovett!

Kommunen har mykje unødvendig ekstraarbeid og ekstrakostnader på grunn av at det vert kasta ting i do som tettar kloakkrøra og stopper pumper og renseanlegg.

Dovettregelen er:

«Berre bæsje, tiss og dopapir skal i do.»

Døme på ting som **IKKJE** skal kastast i do:

- Tørkepapir
- Q-tips
- Bomull
- Vaskeklutar
- Gummihanskar
- Våtserviettar
- Tampong og bind
- Tanntråd
- Matrestar og feitt

Meir informasjon på dovett.no.

Flytte-melding

Hugs å melde om flytting til folkeregisteret. Dette gjeld også ved flytting innanfor kommunen.

Eigedomsskatt

Faktura for eigedomsskatt for 1. halvår 2017 vert sendt ut i slutten av april. Forfallsdato er 20. mai.

Det er tidlegare blitt sendt ut skattesetel som viser kor mykje eigedomsskatt du skal betale.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 23. juni. Frist for innlevering til dette nummeret er 16. juni.

Ny bankavtale frå 1. april

Skodje kommune byter bank til Sparebank 1 SMN frå 1. april 2017. I den samanheng vert kontonummeret på vår driftskonto endra. Dette gjeld tidlegare kontonr. 3910.23.89682. Nytt kontonr. frå 1. april er **4212.23.24936**.

Endringa gjeld også for fakturainnbetalningar. Informasjon om endring vil gå fram av vår fakturablankett. For kundar med AvtaleGiro og eFaktura vil Sparebank 1 SMN og NETS

konvertere avtalane. For allereie utsendte fakturaer med gammalt kontonummer, skal du nytte den betalingsinformasjonen som står på giroen. Hugs KID!

For ytterlegare informasjon kan de ta kontakt med økonomiavdelinga i Skodje kommune. Informasjonen vil også bli lagt ut på kommunen si heimeside.

Ope møte i Skodje næringsforening

Ope møte i Skodje næringsforening torsdag 20. april kl. 18:
Tettstadsanalyse for Skodje sentrum og mulighetsstudie for krinsane.

Møtet er todelt. Skodje kommune har engasjert Nordplan til å utarbeide tettstadsanalyse for Skodje sentrum og mulighetsstudie for krinsane. Etter den opne idéugnaden på Gomerhuset 28. februar kjem Nordplan for å presentere sin konklusjon. Den er eit viktig grunnlag for den pågåande rulleringa av kommuneplana sin arealdel.

Vi ønsker alle som ønsker å ta del i presentasjonen vel møtt på Gomerhuset!

I siste del av møtet blir det årsmøte for næringsforeninga.

Anders Norvald Hammer
Sekretær i Skodje næringsforening

RENOVASJON

Henting av avfall i påska

RESTAVFALL:

Ons 12. april: Sone 2+3 (ons- og torsdagsruta)

PAPIR OG PLAST:

Det er inga henting av papir og plast i påska.

Bingsa miljøstasjon:

Stengt laurdag 15. april.

Avfallet skal stå framme innan kl. 06.00 på hentedag. Dunken må være godt tilgjengelig og synleg.

Besøk oss på arim.no eller facebook



La oss gjenvinne meir

post@arim.no - 70 31 41 00

arim.no



Dette skjer

Påske med ÅST

Ålesund-Sunnmøre Turistforening har 14 hytter som ventar på besøk i påskeferien. Nokre ligg i Taffordfjella, nokre i Sunnmørsalpane og ei - Runde Fyr - ute ved havet. Nokre ligg ved bilveg, mens andre må du komme deg til for eigen maskin.

Dei fleste har proviantlager, alle har gode senger og nok ved, og vinterløypene er kvista.

Meir informasjon på www.aast.no

Ålesund-Sunnmøre Turistforening



"Kommunenyt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no